

Høring på nasjonal ramme for vindkraft for område Telemark/Buskerud/Vestfold.

Som grunneigar av Angard, 36/1, Sauherad går eg sterkt i mot vurderingar og planar som gjeld eventuell utbygging av vindkraft på min eigedom og tilstøytande område.

Eigedommen er vertskap for 80 hytter i Breiset-området. Breiset har vori utfartsstad for friluftsliv snart i 100 år, med Breiset turisthytte som populært turmål for Notodden og nærområdet. I tillegg populært utfartsmål for turistar med tog til Øysteinstul stasjon: frå Kongsberg, Drammen og nedre Telemark. Fot- og skituristar frå bygder og byar rundt foreslått utbyggingsområde har fram til i dag hatt Breiset som turmål.

Breiset som turisthytte er lagt ned, men dei siste 50 åra har det blitt bygd opp ei hyttegrend på Breiset. Hyttene er eigd av folk frå midt-Telemark, Grenlands-området og byane i Vestfold og Østfold, og austover mot Kongsberg og Drammen.

Det er ført straum inn i området, elles er det minimalt med inngrep i naturen. På min eigedom, og i skog - og fjellområda sørover mot Skien, nordover inn i Kongsberg og Notodden, er inngrep i naturen bare skogsbilvegar og tømmerdrift. Ski – og turløyper har skånsam tilrettelegging, praktisk talt utan inngrep i natur.

Relativt stor befolkning har eit friluftsområde, for mange eit nærområde, som står fram som urørt, særleg i dei høgareliggande partia. Det er slike område turistar og hyttefolk finn mest attraktive, men som også er mest truga av vindkraftutbygging.

I tillegg til Breiset er det hytteområde ved Høymyrvatnet i Notodden, Raje og Omholtfjell i Kongsberg og Svanstul i Skien, og som er bygd opp nettopp med tilbod til folk som ser verdiane i eit turterreng utan store tekniske inngrep og tett, tung hytteutbygging. Samstundes er det stort sett kort reiseveg til hyttene.

NVE sin rapport syner klart kva negative konsekvenser utbygging i området vil føre til: arealkrevande anlegg for vindmøllene, tilførselsvegar og framføring av kraftliner med store inngrep i urørt natur, skjemmande utsikt til høge konstruksjonar og negativ landskapsverknad, fragmentering av areal både for

ferdsel og dyreliv, ekstra høge tårn pga skog i området, minimalt med vurdering for påverknad av friluftslivet i vårt område.

Rapporten siterer Miljødirektoratet som seier at «utøvelse av opprinnelig friluftsliv blir..... kraftig berørt» og «....alltid medføre negative virkninger». Vidare at det blir stor konflikt i område med urørt preg og at det er lite kunnskap om vindkraftutbygging og friluftsliv.

NVE viser til ulempene ved utbygging, men klarer ikkje å gje overbevisande forklaring på avbøtande tiltak, som kan dempe, men ikkje fjerne ulempene. NVE meiner ein må rekne med sjenerande lyd og lys, visuelt forstyrrande konstruksjonar, varige naturinngrep, faresoner, reduserte verdier for eksisterande friluftsliv. Argument som «tilpassing over tid» eller «finne nye utfartsområde» og at dyrelivet vil tilpasse seg eller finne nye leveområde er langt frå motiverande for tilslutning til planane.

NVE bør merke seg at Sauherad kommune har lagt Breisetområde inn i arealplanen som viktig utfarts – og hytteområde. NVE bør også merke seg at både Notodden og Sauherad kommune (snart Midt-Telemark kommune) er avvisande til vindmøller.

Som grunneigar i området vil eg klart ta avstand frå forslaget om utbygging av vindkraft her. Det er uforståeleg at området blir karakterisert som «lite konfliktfylt». Det er tydeleg stor mangel på informasjon om kva for verdier området har og som må bli tatt vare på.

Eg håper NVE i vidare arbeid med planane vurderer på nytt konfliktfarer i vårt område. Hjuksebø, Breiset med tilhørande verdifullt friluftsansett må ikkje bli øydelagt av vindkraftutbygging.

Hjuksebø, 17.09.2019

Kristian Angard, grunneigar

kristian.angard@gmail.com

Nils Angard, pensjonert grunneigar

n-angard@outlook.com